



LINDÅS KOMMUNE
AREAL – OG MILJØAVDELINGA

Dipl.Ing.Ark. mnif. Nils-Magnus Haldorsen

Helleveien 263
5039 BERGEN

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Direkte tlf:	Arkivkode:	Dato:
	03/02545-2	Kåre Wiik	56 35 66 17	037/019	16.12.2003

**VEDK. GRENSER MYKING I LINDÅS - GNR 037 BNR 19 -
HELLEBREKKENE**

Viser til dykkar brev av 04.12.03 om grenser på eigedomskart for eigedomen dykkar, gnr. 37 bnr.19 i Lindås.

Grunnlaget for grensene er økonomisk kartverk frå 1979, laga av Statens Kartverk, Hordaland.

Dette er ikkje det beste grunnlaget for digitalt eigedomskartverk, spesielt når det gjeld nøyaktigheit.

Det kan difor førekoma feil i grensene på dette kartet.

Lindås kommune har heller ikkje skylddelingane for desse eigedomane og kan difor ikkje seia noko om at grenseforløpet er rett eller feil.

Dykkar eigedom er utskild frå brn.17 tingl.20.08.1941. Dette går fram av utskrift frå GAB - registeret.

Me kan difor berre oppmoda deg som eigar av parsellen å skaffa kopi av skylddeling (dersom du ikkje har originalen). Denne er å få anten hos tingretten i Nordhordland (Tinghuset) eller Statsarkivet. Der kan du og få kopi av grunnboka for eigedomen dykkar.

Me er takksame for tilbakemelding om grenser som er feil skildra i eigedomskartet når de har framskaffa skylddeling for eigedomen dykkar og gjennomgått denne.

Med helsing

Kåre Wiik
avdelingssjef geodata

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5914 ISDALSTØ	Rådhuset	56 35 65 00	56 35 65 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr.
				935 084 733